

Notat/ status til prosjekteigar frå administrativ arbeidsgruppe tekniske tenester 21.05.18

Namn arbeidsgruppe: Tekniske tenester

- **Deltakarar:** Berit Marie Galaaen, Asbjørn Helleve, Jakob Håheim, Anders Gjøstein, Torbjørn Titlestad (ein frå IT ved behov), Karin Ware (Delta Granvin), Muhamed Causevic (Nito), Trude Kvarekval Lydvo (HVO Voss kommune).
- **Tal møte:** 3 (i 2018). Totalt 4

Undergrupper: 6 stk

- **Deltakarar:** 16 personar, nokre i fleire grupper. Alle gruppene har gruppeleiar som sit i teknisk arbeidsgruppe.
- Bygg og eigedom Kjell Stavenes, Asbjørn Helleve
- Oppmåling matrikkel Asbjørn Helleve, Håkon Helleve, Svanhild Danielsen,
- Plan og byggjesak Berit Marie Galaaen, Katinka Killian, Kjersti Finne, Oddbjørg Vestrheim
- Brannvern David Skjerven, Egil Holven
- Næring/landbruk Anders Gjøstein, Tomas Sjøflot
- Drift; VA/anl og vedl.hald Jakob Håheim, Bjarne Løne, (Arne Reime), Jostein Kolskår, (Asbjørn Helleve)
- Tal møte: 14

Medverknad frå andre ressurspersonar:

Har gruppa knytt til seg andre ressurspersonar? Medverknad frå tillitsvalte og verneombod?

Arbeidsgruppa har sett ned undergrupper som jobbar med konkrete oppgåver innanfor sine fagområde. Dei rapporterer til teknisk arbeidsgruppe. HMS- rådgjevar og HVO frå Voss har bistått i arbeidet med ROS-analyse.

Mål/ visjon for arbeidet:

Overordna mål for arbeidet

- Sikra gode tenester til innbyggjarane
- Samordna fag- og tenesteområde
- Finna gode, innovative og effektive driftsformer
- Fokusera på gode digitale løysingar der dette er mogleg

Status for arbeidsgruppa

Fokusområde, utfordringar, deloppgåver som er avslutta, gevinst, osv.

Hovudfokus har vore på kartlegging av arbeidsoppgåver, system, rutinar og reglement, personell mm som ligg til tekniske tenester. Dette arbeidet skal vera klart i løpet av august. Dei ulike områda er nærare skildra under.

Matrikkel

Det er nytta Statens Kartverk si matrise og framdriftsplan for arbeid som må/bør gjerast før samanslåinga. I følgje denne tidsplanen, ligg me svært godt an. Me er ferdig med oppgåver som i Statens kartverk si matrise burde vera gjennomført våren 2019. Gruppa arbeider godt og strukturert.

- Godt samarbeid med Statens kartverk som har bidrege med lister som ein må/bør retta opp i før kommunesamanslåinga. Desse listene har ein no vore gjennom og har retta opp feila.
- Det er gjort formelt vedtak om at Oksenhalvøya skal vera med til Voss herad.
- Det er laga sak til fellesnemnda ang. adressering.
- Det er gjennomført ei kartlegging av resursar, kompetanse, materiell, forskrifter, betalingssatsar etc., for Granvin herad og Voss kommune innan oppmåling.
- Kartveket har ikkje laga til nye gnr/bnr for Oksenhalvøya enno, så arbeidet med retting av evt. feillister etc. er ikkje kome i gong. Kartverket har lova at dei skal sjå på dette snart.
- Arbeidet med lokalisering/organisering vert starta opp haust 2018.

Bygg - Eigedom

- Det er gjennomført ei kartlegging av resursar, kompetanse, materiell, avtaler etc., for Granvin herad og Voss kommune innan Bygg-Eigedom.
- Det er utarbeidd klare oppskrifter/prosedyrar for kva som må gjerast med kommunale eigedomar, rettar etc, ved overgang til ny kommune. **Konklusjonen er at dette arbeidet vil ta tid og bør startast opp snarast.**
- Voss har starta arbeidet med å få registrert alle bygg inn i Famac Web som er eit forvaltning, drift og vedlikehald system. Voss skal leggja inn bygga i Granvin i same systemet.

Arbeidet med organisering og lokalisering er ikkje påbegynt, men arbeidet vert starta opp rett etter ferien 2018.

Byggjesak

Tal saker: Voss har i gjennomsnitt 500 saker pr.år medan Granvin har i gjennomsnitt 35 saker pr.år. Voss har fire 100% stillingar + ei 100% stilling tilsyn. Granvin har ei 10% stilling. (Deler stilling med Ulvik).

Mange ulike saker; Rammeløyve, frådeling, seksjonering, avløpsaker, dispensasjonar strandsone og LNF, tilsyn, klagehandsaming.

Organisering: Voss har ein fagleiar for avdelinga. Alle løyve skal godkjennast av fagleiar. Alle sakshandsamarar gjennomfører alle ledd i byggesakshandsaminga, løyve, gebyrutsending og matrikkelføring.

Gebyr: Gebyrregulativa må samkøyrast og vedtakast i fellesnemnda. Begge gebyrregulativ er revidert for 2018.

Plan

Tal saker: Voss har i gjennomsnitt 30-40 planar i omløp kvart år. I gjennomsnitt 8-10 godkjente planar pr. år. Voss kommune produserer i tillegg ein del planar i eigen regi.

Granvin har i gjennomsnitt 1,5 plan igangsatt kvart år. Færre godkjent. Det har vore mange offentlege vegplanar der dei siste åra.

I Granvin har plan i tillegg ansvar for planstrategi, kommuneplan, kommunedelplanar og temaplanar, i snitt 1-2 pr. år. På Voss vert kommuneplan og temaplanar gjennomført av eigen kommuneplanleggjar under rådmannen sin stab eller av kommunalavdelingane sjølve.

Ressursar: Voss har tre 100% stillingar og ei 50 % stilling. I tillegg ei 2-årig prosjektstilling 2017-2019. Granvin har ei 100% stilling. Stillinga inneheld både kommuneplan, reguleringsplanar og dispensasjonar.

Organisering: Voss har leiar for avdelinga. Utsending av planar på høyring og gebyrutsending vert handtert i avdelinga i tett dialog med sakshandsamar. Registrering i planarkiv vert gjort fortløpande på avdelinga. I Granvin ligg planleggjar rett under einingsleiar for teknisk.

Gebyr: Gebyrregulativa må samkøyrast. Det er relativt stor skilnad i kostnad pr. 2018. For ein «vanleg» detaljreguleringsplan er kostnaden:

Voss: 68 610,- kr

Granvin 31 500,- kr

Planregister: Det er etablert eit godt samarbeid om planregisteret i begge kommunane. Begge kommunane er stort sett ajour. Voss hjelper Granvin med å få planregisteret oppdatert og publisert.

Ein vil gå vidare med å samkøyre dei to registra til eit felles register. Det må sjekkast ut korleis planid eventuelt skal kodast om dersom Voss og Granvin har planar med same planid

Delegasjonsreglement:

Delegasjonsreglement må samkøyrast.

Programvare:

Voss nyttar arkivsystem 360, Norkart, GisLine og har tilgang til Autocad. Innfører ebyggesak, Visma entreprise.

Granvin nyttar web plan, Norkart

Infoland:

Voss nyttar Infoland til informasjon om planstatus, byggemeldingsteikningar, løyver, ferdigattestar osv. Det gjev oss gode rutinar på korleis informasjon vert gitt ut. Digitale kart kan bestillast både gjennom infoland og direkte frå gis-ansvarleg. Granvin nyttar ikkje infoland. Dei gir ut informasjon direkte frå kommunen.

Rutinar/struktur:

Voss har malar knytt til planprosess. Det er opparbeida ein eigen struktur under område teknisk. Granvin har fått tilgang til mappestrukturen slik at Granvin og kan nytta den frå d. Viktig at vi kan jobbe på same plattform også i samkøyringsperioden.

Økonomi:

Byggesak er basert på sjølvkost.

Planavdelinga har ein del inntekt knytt til plangebyr, elles vert det budsjettert med lønsmidlar etter stillingsheimlar. I tillegg vert det budsjettert med midlar til konsulentbruk.

Planleggjar i Granvin herad vil ha kontorstad Voss etter endt permisjon i 40% stilling. I permisjonstida vil personale på plan i Voss kommune handtera plansaker i Granvin.

Anlegg og veldikehald

Det er gjennomført ei kartlegging av resursar, forskrifter, kompetanse, materiell, avtaler etc., for Granvin herad og Voss Kommune innan Infrastruktur, Veg Vatn og avløp..

VA kartverk. Det er halde møte vedk. konfigurasjon og innlegging av VA- data i Gemini. Granvin

herad registrerer og måler inn sine kommunaltekniske anlegg VA, Voss kommune registrerer og legg inn i database og VA- kartverket. Det er gjort eit arbeid med tilrettelegging for registreringa av data frå Granvin herad til databasen til Voss kommune. Arbeid med innmåling og registrering må starta så snart som mogleg.

VVA- Det er gjort ei kartlegging av kva forskrifter og reglement som må gåast igjennom og evt reviderast før vedtak og implementering i Voss herad.

Forskrift	Merknad
VA- norm-	Vedtast på nytt Voss herad- Vidareførast
Standard abonnentsvilkår for vann og avløp-Tekniske bestemmelser- KS	Vedtast på nytt Voss herad- Vidareførast
Standard abonnentsvilkår for vann og avløp-Administrative bestemmelser. KS	Vedtast på nytt Voss herad- Vidareførast
Forskrift om vass og avløpsgebyr	Revisjon, tilpassast nytt gebyrregime- Konsulent
Tenesteerklæring for vatn og avløp	Vurer vidareføring
Forskrift om tømning av avløpsanlegg og betaling av gebyr	Vedtast på nytt Voss herad - revisjon
Retningsliner for spreidd avløp VK	Vedtast på nytt Voss herad - revisjon
Vassmålar - rettleiar	Vidareførast
Vilkår for påsepp av oljehaldig avløpsvatn	
Vilkår for søknad om sanitærreglement	Vidareførast
Div skjema for søknad innan VA	Reviderast

Konklusjon:

Har stort sett gjennomført ressurskartlegging innanfor VVA- området:
Bemanning og kompetanse, IT- fagsystem/ programvare, Infrastruktur VVA oversikt, bilar, maskiner og utstyr, reglement og rutinar, gebyrpolitikk.

Konklusjon tekniske tenester

Prioriterte oppgåver

Arbeidet med matrikkelen har vore prioritert og er nå godt i gang. Fokusert på registrering for å skaffe oversikt over situasjonen på alle fagområda. Alt av reglement og rutiner, forskrifter mm må gjennomgåast og evt reviderast der det er naudsynt. Dette arbeidet tek til hausten 2018.

Risikovurdering av omstillingsprosessen

Arbeid pågår med ROS-analyse i arbeidsgruppe tekniske tenester i nært samarbeid med HMS rådgjevar og HVO i Voss kommune.

Saker som må avgjerast i Fellesnemnda

Av saker som ligg klare til handsaming i fellesnemnda er førebels desse:



Voss herad 2020

- Ny brannordning for Voss herad frå 1.1.2020
- Adressering.

Vidare må alt av reglement og rutinar, vedtekter mm leggjast fram for Fellesnemnda etter kvar som dei vert klare.

Behov for støtte/ hjelp:

Har arbeidsgruppa trong for kompetanse, hjelp, avklaringar, støtte eller liknande?

- *Interne avklaringar*
- *Eksterne avklaringar*

Vi treng å bruke ein ekstern konsulent i samband med utarbeiding av forskrift om vass- og avløpsgebyr.

Førebels er det det vi veit pr dato.

Informasjon til tilsette:

Gruppa har med tilsette/leiarar i arbeidsgruppenen i dei fleste avdelingar som vert omfatta av samanslåinga. Dei tilsette får derfor god info om arbeidet frå sine leiarar når det gjeld det faglege. Teknisk har informert om arbeidet i fredagsorienteringane utover i 2018 når det gjeld dei av dei tilsette som har kontor i landskapet i 3.et etter kvart som arbeidet skrid fram. Vidare har tema vore oppe i dei fleste leiarmøta på teknisk. Det er ei klar forventning om at leiarane tek med seg informasjon vidare til sine grupper av tilsette.

Elles oppfordrast alle til å følgja med og søkja informasjon på intranettet og heimesida. Teknisk vil freista få ut enkel informasjon der etter møter.

Oversikt over område som må vurderast/ inkluderast i andre arbeidsgrupper:

- Matrikkelen vert automatisk oppgradert og vert overført til andre område t d innan økonomi:
 - KOMTEK
 - Eigedomsskatt
 - arbeidsgjevaravgift
 - kart
- Ser ikkje andre konkrete oppgåver førebels som bør overførast andre utover personalsaker som går via personal

Gevinstrealisering

Er det område ein kan henta ut gevinstar på allereie no. Kva er eventuelt føresetnadane for å realisera dei?

Vi har ikkje kome så langt i arbeidet ennå. Førebels ser vi for oss at kartleggingsarbeidet vil vera fullført tidleg haust.



Voss herad 2020

Arbeider med innføring av eit nytt program for styring og kontroll av alle eigedomane våre. Dette vil kunne gje gevinstar, men det krevst mykje arbeid med registrering før gevinstrealisering. Programmet er under innføring i Voss kommune.

Felles lisens på datasystema våre (t d Norkart), vil gje innsparing på tilnærma 50% av kostnadene tilsaman i dei to kommunane. Det vert vurdert om vi kan få felles lisens for dette alt frå 2019.

Vedlegg:

Føl gjeldande tidsplan for arbeidsgruppa

Referat frå møta i arbeidsgruppene ligg i teams.